



Lindås kommune Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2989 - 17/21834

Saksbehandlar:

Inger Marie Jordal

Inger.Marie.Jordal@lindas.kommune.no

Dato:

01.08.2017

Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8. Kvamsvågen.

Viser til innsendt byggjesøknad med referansenummer 17/2182 – 17/21531. Søknaden gjeld løyve til opparbeiding av vegar og parkeringsplassar på gbnr 141/3 med fleire. I følgje brev frå byggesaksavdelinga, datert den 24.07.17, må ein grunna nye regler søkje dispensasjon for dette tiltaket.

Lindås kommune, ved eining for eigedom, søker med dette om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8. Årsaken er at reguleringsplanen «Friluftsområde – Kvamsvågen» med planID 1263-25082004 ikkje viser ei spesifikk byggegrense mot sjø.

Grunngjevnad for dispensasjonssøknaden er at tiltaket er i henhold til formålet med gjeldande reguleringsplan. Veg og parkering som det vert søkt om, følger godkjent reguleringsplan. Det er ikkje mogleg å iverksetje gjeldande reguleringsplan utan dispensasjon frå bygging i strandsona. Formålet med utbygging av veg og parkering er at området skal komme ålmenta til gode, og sikre tilkomst til området for alle. Parkeringsplassane lengst nede skal kun nyttast av rørslehemma, og må etablerast innanfor 100-meters beltet for å sørgje for kort avstand mellom parkering og friområdet. Tiltaket vil ikkje virke privatiserande på nokon måte. Tvert i mot, tiltaket aukar moglegheitene for at området kan nyttast av alle.

Ber om at dispensasjonssøknaden sjåast i samanheng med søknad om tiltaket.

Dispensasjonssøknaden er ikkje nabovarsla, men søknaden om tiltaket er nabovarsla utan nabomerknader. Viser igjen til brev frå byggesaksavdelinga, datert 24.07.17, og takkar for at saka kan unntas nabovarsling og høyring.

Med helsing

Inger Marie Jordal

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Maskinstasjon
Therese Urdahl Braseth

Mottakarar:

Lindås kommune
Byggesaksavdelinga